

OSTERØY BRUSELSKAP A/S
Styret
5282 Lonevåg
Tlf. 56192122 - fax 56192101

TIL AKSJONÆRANE

Lonevåg, 23.02.15

INNKALLING TIL GENERALFORSAMLING

Det vert med dette kalla inn til generalforsamling i Osterøy Bruselskap A/S

Måndag 02.03.15, kl. 13.00

Møtestad: **Osterøy rådhus, Formannskapssalen, Lonevåg**

I samsvar med vedtektene skal generalforsamlinga m.a. behandla følgjande saker:

1. Godkjenning av innkalling og saksliste.
2. Registrering av frammøte/fullmakter.
3. Val av møteleiar, referent og ein person til å skriva under protokollen saman med møteleiar.
4. Styret si årsmelding for 2014.
5. Årsrekneskap for 2014 med revisor si melding.
6. Budsjett for 2015.
7. Godtgjersle til revisor for 2014
8. Godtgjersle til styret sine medlemmer og varamedlemmer m. fl.
09. Andre saker som måtte vera melde innan 14 dagar før generalforsamlinga vert halde.

Aksjeeigarar som ikkje sjølv møter, kan møta ved fullmektig

Birger Skår
styreleiar


Bente Skjerping
styresekretær

Kopi: Styremedlemmer/varamedlemmer, revisor, Erik Eriksen, Statens vegvesen,
Leikanger, Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune v/sekretariatet.

SAKSLISTE MED SAKSORIENTERING TIL GENERALFORSAMLINGA 02.03.15

- SAK 01 - GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
- SAK 02 - REGISTRERING AV FRAMMØTE/FULLMAKTER
- SAK 03 - VAL AV MØTELEIAR, REFERENT OG EIN PERSON TIL Å SKRIVA UNDER PROTOKOLLEN SAMAN MED MØTELEIAR
- SAK 04 - STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2014
Det vert vist til vedlagde årsmelding.
- SAK 05 - ÅRSREKNESKAPEN FOR 2014 MED REVISOR SI MELDING
Styret rår til at den framlagde rekneskapen vert fastsett som selskapet sin rekneskap for 2014.
- SAK 06 - BUDSJETT FOR 2015
Ein viser til vedlagde budsjett, vedteke i styremøtet 22.01.15.
- SAK 07 - GODTGJERSLE TIL REVISOR
For 2014 er det kostnadsført revisjonshonorar med kr 26.250,- til Acceptor Revisjon AS. Styret vedtok i møtet 19.02.15 samrøystes å tilrå kostnadsført revisjonshonorar vert fastsett som godtgjersle for 2014.
- SAK 08 - GODTGJERSLE TIL STYREMEDLEMMER OG VARAMEDLEMMER M.FL.
Styret har i møtet 19.02.15 samrøystes tilrådd slike godtgjersler for 2014 og 2015 fram til avvikling av selskapet

Leiar	kr 45.000,- med tillegg av møtegodtgjersle
Nestleiar	kr 22.500,- med tillegg av møtegodtgjersle
Medlem	kr 7.500,- med tillegg av møtegodtgjersle
Varamedlem	kr 1.500,- pr. møte
Øk.kons. E. Eriksen	kr 75.000,- med tillegg av møtegodtgjersle
Styresekretær	kr 30.000,-

Styret sitt forslag inneber ingen endringar i gjeldande satsar for honorar og møtegodtgjersle, men i den faste godtgjersla er det lagt inn halv årssum for 2015.

SAK 09- ANDRE SAKER
Det er til no ikkje meld inn saker under dette punktet.

Lonevåg, 23.02.15


Bente Skjerping
styresekretær

STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2014

FØREMÅL:

Osterøy Bruselskap vart skipa 28.11.87 og har forretningslokale i Lonevåg, Osterøy. Selskapet sitt føremål er:

"Å arbeida for realisering av planane om brusamband Kvisti – Herland med tilstøytande vegsamband."



Osterøybrua, Kvisti

Vegprosjekt

Osterøybrua vart opna i oktober 1997 og deretter følgde Tirsåstunnelen (1998), Hannisdalslina (2002) og til slutt ny FV 567 Hauge – Lonevåg i november 2011.

ORGANISASJON:

Styret i selskapet har etter generalforsamlinga i 2014 hatt slik samansetjing:

Frå Osterøy kommune

Birger Skår, leiar	vara: Ingemar Tepstad
Erling Raknes, nestleiar	vara: Jorunn S. Holsen
Ordførar Kari Foseid Aakre	vara: Terje Rosnes
Terje Raknes	vara: Arne Dag Kleiveland
Frida Sofie Borge	vara: Ragnar J. Tyssebotn

Frå Bergen kommune

Ingmar Ljones	vara: Elisabeth N. Sævik
---------------	--------------------------

Frå Hordaland fylkeskommune

Inger Ulvund	vara: Tom Skauge
--------------	------------------

Revisor

Acceptor Revisjon AS

Styresekretær:

Bente Skjerping

Økon.rådgjevar

Erik Eriksen, Bergen

Rekneskapsførar:

Visma Services Norge AS

ADMINISTRASJON/DAGLEG LEIING:

OSTERØY BRUSELSKAP A/S
Org.nr. 846 656 472
Årsmelding 2014

Styret har etter søknad fått forlenga avtalen med Osterøy kommune om leige av sekretærtenester. Leigeavtalen gjeld fram til selskapet vert avvikla. Erik Eriksen, Bergen, har hatt ansvaret for budsjett, budsjettrapportering og låneavtalar for selskapet. Selskapet har ingen tilsette, og alt administrativt arbeid vert utført av styreleiar og/eller ved innleigd sekretær-/konsulenthjelp.

Styret har frå 2009 hatt avtale med Visma Services Norge AS om rekneskapsføring og årsoppgjerd. Acceptor Revisjon AS har revisjonen for selskapet.

BOMPENGEINNKREVJING:

Autopass vart innført frå 11.06.07 og innkrevjinga vart då heilautomatisk. Avtale med Bro og Tunnelselskapet AS og med Bergen bompengeselskap, Bergensringen for Osterøybrua, vart inngått på førehand. Bro og Tunnelselskapet AS, no B & T Signaal AS har så langt hatt kontrakt på innkrevjing og drift. Dersom det etter anbod vert inngått nye avtalar på driftssida, vil bomstasjonen på Kvisti verta omfatta av desse.

Felleskostnader knytt til drift av AutoPass vert fordelt på bompengeselskapa i hovudsak på grunnlag av trafikkatala gjennom stasjonen. Osterøybrua inngår i Bergensringen og får dermed del i "stordriftsfordelane" denne har. Vegdirektoratet arbeider f.t. med ny IKT-løysing for perioden 2015 – 2019 som skal erstatta dagens sentralsystem. Sentralsystemet er pålagt frå Vegdirektoratet og skal implementerast i alle bompengeanlegg. Prosjektet er forseinka og oppstart vert først hausten 2015 og innkrevjinga på Osterøybrua vil såleis vera avslutta før det nytt sentralsystem kjem i gang.

ARBEIDSMILJØ:

Etter overgang til Autopass er det ingen tilsette i bomstasjonen. Det har ikkje vore skader eller ulykker i 2014

DET YTRE MILJØET

Selskapet si verksemd ureinar ikkje det ytre miljøet. Det er Statens vegvesen som er byggherre for prosjektet og som er ansvarleg for drift og vedlikehald av bru og tilførselsvegar.

LIKESTILLING

Selskapet har ingen tilsette. Styret er samansett av 4 menn og 3 kvinner.

TRAFIKKUTVIKLING:

Periode	trafikketal	trafikk/døgn	auke	Inntekter i 1000 kr	auke	Inntekt/bil
1999	569.555	1560		24.931		43,77
2000	594.162	1627	4,3%	25.623	2,8%	43,13
2001	631.524	1730	6,3%	26.888*	4,9%	42,57
2002	671.077	1838	6,3%	28.350	5,4%	42,25
2003	737.485	2020	9,9%	30.552	7,7%	41,42
2004	773.781	2119	4,9%	32.118	5,1%	41,50
2005	806.462	2209	4,2%	34.958	8,8%	43,34
2006	850.731	2330	5,5%	39.405	12,7%	46,32
2007	919.610	2519	8,1%	36.108**	- 8,4%	39,27
2008 1	936.760	2566	1,8%	41.011***	13,6%	43,78
2009 2	990.564	2714	1,9%	46.412	13,2%	46,85
2010 3	1.012.069	2773	2,1%	45.808	- 1,3%	45,26
2011 4	1.068.987	2929	5,6%	50.064	9,2%	46,83
2012 5	1.096.539	3004	2,5%	49.673	-0,8%	45,30
2013 6	1.120.618	3070	2,2%	50.212	1,1%	44,80
2014 7	1.180.743	3234	5,3%	53.150	5,8%	45,01

*Summen er eksklusiv refusjon for forskottering til Tirsåstunnelen med kr 38,5 mill.

**I samband med innføring av Autopass frå 11. juni fall inntektene frå passasjerar, bussar i rute, motorsyklar mv. Bort.

***Takstane vart auka frå 01.08.08. For perioden august – desember var gjennomsnittsinntekta pr. bil 48,72.

1. Talet er henta frå rekneskapen for 2008. B & T AS har oppgitt totalt 971294.

2. Talet er henta frå rapport desember 2009 frå B & T AS

3. Talet er henta frå rapport desember 2010 frå B & T AS

4. Talet er henta frå rapport desember 2011 frå B & T AS

5. Talet er henta frå rapport desember 2012 frå B & T AS

6. Talet er henta frå rapport desember 2013 frå B & T Signaal AS

Trafikkveksten i 2014 er noko høgare enn det som vart lagt til grunn i budsjettet (2%). Driftsinntektene vart og høgare enn budsjettet og snittinntekta pr. kjøretøy vart i 2014 kr 45,-.

STYRET SITT ARBEID I 2014:

Styret har hatt 6 møte og behandla 23 saker.

Sum administrasjonskostnader utgjorde samla 1,1% av driftsinntektene til selskapet i 2014.

Styret har gjennom året hatt særleg fokus på trafikk- og inntektsutvikling, samt på oppfølging og nedbetaling av lånegjelda.

Selskapet evna ikkje å ned betala heile gjelda som tidlegare føresett innan oktober 2014. Styret vedtok difor å søkja om forlenging av bompengerperioden ut juli 2015. Søknaden vart sendt 17.10.14 og den vart innvilga med brev av 04.11.14 frå Vegdirektoratet.

Pr. 31.12.2014 er restgjelda finansiert med eit kassakredittlån. Overskotslikviditet har gjennom året vore plassert på høgrentekonto for å sikra god avkastning med låg risiko.

RESULTAT OG FORTSATT DRIFT

Selskapet hadde i 2014 ein omsetnad på kr 53.150.135 mot kr 50.212.005 i 2013. Årsresultatet viser eit overskot på kr 4.334.142 mot tilsvarande underskot på kr – 39.241.212 i 2013.

Selskapet har ikkje skatteplikt.

Eigenkapitalen pr. 31.12.14 er no positiv og utgjer kr 528.090.

I samsvar med Rekneskapslova sin paragraf 3-3 vert det stadfesta at føresetnaden om fortsatt drift, er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen. Resultatprognosen fram til august 2015 er tilfredsstillande.

Selskapet har ingen pågåande rettssaker.

INVESTERINGAR, LIKVIDITET OG SOLIDITET

Styret har etter ferdigstillinga av Borgatunnelen hatt jamnleg kontakt med Statens vegvesen for å få avklart endeleg kostnad med prosjektet Hauge - Lonevåg, og då selskapet sin del av denne. Selskapet sin del av meirkostnaden på prosjektet vart i brev av 08.10.14 fastsett til kr 5,2 mill.

Totalkapitalen pr. 31.12.14 var på kr 14.975.067 mot kr 63.890.238 pr. 31.12.13 Dette gir eigenkapitalandelar på respektive 3,5% og -5,9 %.

FINANSIELL RISIKO

Variasjon av finansielle marknadprisar som rente, valuta, råvarepriser og kreditt kan definerast som selskapet sin marknadsrisiko.

Selskapet er ikkje eksponert for endringar i valutakurs då inntektene er i norske kroner. Selskapet har ein låg andel kredittsal og har difor ingen vesentleg risiko knytt til dette området.

Selskapet sin finansielle risiko er knytt til svingingar i renta. Restgjelda er no finansiert ved eit kassakredittlån. då det er kort tid att av bompengeperioden ser ikkje styret vesentleg risiko knytt til rentesituasjonen. Innkrevinga er venta avslutta innan første halvår 2015. Selskapet vil etter detee verta avvikla.

ÅRSRESULTAT OG DISPONERINGAR

Framlagt resultat og balanse gir eit godt bilete av drifta gjennom året. Etter det styret kjenner til har det ikkje vore hendingar etter utgangen av rekneskapsåret som har innverknad på vurderinga av selskapet.

Styret gjer framlegg om følgjande disponering av årsresultatet :

Overført annan egenkapital	Kr	4.334.142
Sum disponert	<u>Kr</u>	<u>4.334.142</u>

Selskapet sin egenkapital er pr. 31.12.14

Aksjekapital	Kr	140.000
Annan egenkapital	Kr	388.089
Sum egenkapital	<u>Kr</u>	<u>528.089</u>

Styret vil til slutt nytta høvet til å takka for godt samarbeid med eigarar og samarbeidspartar i året som er gått.



Foto: Osterøy kommune

Lonevåg, 31.12.14/19.02.15

Styret i Osterøy bruselskap AS

Erling Raknes
nestleiar

Ingmar Ljones
styremedlem

Frida Sofie Borge
styremedlem

Kari Foseid Aakre
styremedlem

Terje Raknes
styremedlem

Inger Ulvund

Birger Skår
styreleiar



ÅRSREKNESKAP 2014

ÅRSREKNESKAP 2014

Osterøy Bruselskap AS

Innhold:

Resultatrekneskap
Balanse
Notar
Kontantstraumanalyse

Utarbeidet av Visma Services Norge AS

Resultatrekneskap

Osterøy Bruselskap AS

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2014	2013
Inntekt brikke		53 150 135	50 212 005
Sum driftsinntekter		53 150 135	50 212 005
Honorar	2	341 287	347 664
Avskrivinger	3	44 412 000	82 932 000
Administrasjonskostnader	2	264 992	259 087
Tap på krav	10	-397 500	-203 700
Annan driftskostnad	4	2 097 073	1 694 739
Sum driftskostnader		46 717 852	85 029 790
Driftsresultat		6 432 283	-34 817 785
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		218 640	354 719
Annan rentekostnad		2 115 580	4 451 406
Annan finanskostnad		201 201	326 740
Resultat av finansposter		-2 098 141	-4 423 427
Ordinært resultat før skattekostnad		4 334 142	-39 241 212
Ordinært resultat		4 334 142	-39 241 212
		4 334 142	-39 241 212
Overføring			
Avsett til annen egenkapital		4 334 142	-39 241 212
Sum overføringer		4 334 142	-39 241 212

Balanse

Osterøy Bruselskap AS

Eigedelar	Note	2014	2013
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Innkrevingsrett bompengar	3	14 681 312	58 733 312
Maskinar og anlegg	3	83 000	443 000
Sum varige driftsmiddel		14 764 312	59 176 312
Sum anleggsmiddel		14 764 312	59 176 312
Omløpsmiddel			
Krav			
Andre kortsiktige krav	5	0	178 360
Sum krav		0	178 360
Bankinnskot, kontantar og liknande		210 755	4 535 566
Sum omløpsmiddel		210 755	4 713 926
Sum eigedelar		14 975 067	63 890 238

Balanse


Osterøy Bruselskap AS

Eigenkapital og gjeld	Note	2014	2013
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital (7 aksjer a 20.000)	6, 7	140 000	140 000
Sum innskoten eigenkapital		140 000	140 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	7	388 089	-3 946 052
Sum opptent eigenkapital		388 089	-3 946 052
Sum eigenkapital		528 089	-3 806 052
Gjeld			
Øvrig langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	8	0	67 000 000
Sum anna langsiktig gjeld		0	67 000 000
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	9	13 822 328	0
Leverandørgjeld		624 649	352 463
Anna kortsiktig gjeld	9	0	343 827
Sum kortsiktig gjeld		14 446 977	696 290
Sum gjeld		14 446 977	67 696 290
Sum eigenkapital og gjeld		14 975 067	63 890 238

Osterøy, den , 19.02.2015
Styret i Osterøy Bruselskap AS




Erling Raknes
Nestleiar




Ingmar Ljones
Styremedlem



Kari Foseid Aakre
Styremedlem




Frida Sofie Borge
Styremedlem



Inger Signe Ulvund
Styremedlem



Terje Raknes
Styremedlem



Birger Skår
Styreleiar

Note 1- Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk for små foretak.

Periodisering av inntekter og kostnader
Driftsinntekter er inntektsført i det året dei er opptent.

Klassifisering og vurdering av balansepostar
Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter balansedagen.
Øvrige postar er klassifisert som anleggsmidlar / langsiktig gjeld.

Kortsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidlar er vurdert til anskaffelseskost.
Langsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Varige driftsmidlar
Varige driftsmidlar vert balanseført og avskrivne over driftsmidla si levetid dersom desse har levetid over 3 år, og kostpris som overstig kr. 15.000.
Aktivert innkrevingsrett bompengar blir nedskrive med utgangspunkt i opphavelag nedbetalingsplan

Skatt
Selskapet er ikkje skattepliktig.

Selskapet har ikkje endra rekneskapsprinsipp frå 2013 til 2014

Note 2 - Tilsette, ytingar m.m.

Selskapet har ingen tilsette.

Styre	<u>2014</u>	<u>2013</u>
Styrehonorar	110 000	110 500
Rådgeving	77 000	77 000

Beløpa er ekskl.arbeidsgjeveravgift.

Revisjon	<u>2014</u>	<u>2013</u>
Ordinær revisjon	26 250	23 750

Beløpa er inkl.meirverdiavgift.

Leige av arbeidskraft frå Osterøy kommune	<u>2014</u>	<u>2013</u>
Leige arbeidskraft	264 610	257 281

Denne posten er ført under administrasjonskostnader.

Note 3 - Anleggsmidler

	Innkrevingsrett bompengar	Maskinar og anlegg	Sum
Anskaffelseskost pr 1.1.2014	460 582 308	4 359 665	464 941 973
+ Tilgang kjøpte anleggsmidler			
= Anskaffelseskost 31.12.2014	460 582 308	4 359 665	464 941 973
Akkumulerte avskrivningar 31.12.2014	445 900 996	4 276 665	450 177 661
= Av- og nedskrivningar pr. 31.12.2014	445 900 996	4 276 665	450 177 661
Bokført verdi 31.12.2014	14 681 312	83 000	14 764 312
Ordinære avskrivningar i år	44 052 000	360 000	44 412 000
Økonomisk levetid	sjå under	ca. 7 - 8 år	

Innkrevingsrett - bompengar

Innkrevingsretten omfattar anleggskostnader med bygging av bru, tunnel og veg.
Frå og med 2008 er også vegprosjektet Hauge-Lonevåg omfatta av innkrevingsretten.
Aktivert innkrevingsrett bompengar blir nedskrive med utgangspunkt i nedbetalingsplan.

Note 4 - Annan driftskostnad

Denne posten inneheld i hovudsak selskapet si drift av Autopass.

Note 5 - Andre fordringar

	2014	2013
Mellomværande Bro & Tunnelselskapet AS		378 360
Avsetning for tap		-200 000
Sum		178 360

Note 6 - Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Tal aksjar og pålydande er spesifisert i balansen. Det er berre ein aksjeklasse og alle aksjane har lik stemmerett.

Aksjonærer	Antall aksjar	Eigarandel i %
Osterøy kommune	5	71,4
Bergen kommune	1	14,3
Hordaland Fylkeskommune	1	14,3
SUM	7	100

Kvar aksje har ei røyst.

Sal eller overdraging av aksjar er ikkje gyldig uten styret si godkjenning.

Tidlegare aksjonærer har forkjøpsrett ved aksjeoverdraging til ein pris som ikkje overstig pari kurs.

Note 7 -Eigenkapital

	Aksje kapital	Annan Eigenkapital	SUM
Pr. 01.01.2014.	140 000	-3 946 052	-3 806 052
Frå årets resultat		4 334 142	4 334 142
Kapital 31.12.2014	140 000	388 089	528 089

Note 8 - Anna langsiktig gjeld

Gjeld som forfell etter regnskapsårets slutt:

	2014	2013
Gjeld til kredittinstitusjonar		67 000 000
Sum	0	67 000 000
Gjennomsnittlig lånerente		4,81 %

Note 9- Anna kortsiktig gjeld

	2014	2013
Påløpne renter		243 000
Påløpne kostnader		100 827
Kassekreditt	13 822 328	
Sum anna kortsiktig gjeld	13 822 328	343 827

Heile lånegjelda i selskapet er sikra ved sjølvskuldnargaranti frå Hordaland Fylkesskommune.

Note 10 - Resultatførte tap i året

	2014	2013
Konstaterte tap i året	25 000	14 300
Innkome på tidlegare tapsførte krav	-222 500	-218 000
Endring i tapsavsetning	-200 000	
Sum tap på krav	- 397 500	-203 700

Til generalforsamlingen i Osterøy Bruselskap AS

Revisors beretning

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Osterøy Bruselskap AS som viser et overskudd på NOK 4 334 142. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2014, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styrets ansvar for årsregnskapet

Styret er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som ledelsen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til Osterøy Bruselskap AS per 31. desember 2014, og av selskapets resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til anvendelse av overskudd er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Bergen, 19. februar 2015

ACCEPTOR REVISJON AS



Sturle Johnsen
statsautorisert revisor

